

Aksjon Bygde - Noreg  
5994 Vikanes

|                              |       |
|------------------------------|-------|
| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET |       |
| 08 100225 - 72               |       |
| DATO - 2 MAI 2008            |       |
| AN                           | ERSP. |

Olje- og Energidepartementet  
Oslo

### Fråsegn til framlegg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova

Aksjon Bygde - Noreg er samd i at det trengs lovendringar som styrkjer norsk eigarskap til vasskraftressursane og norsk styring med korleis ressursane vert nytta.

Aksjon Bygde - Noreg er ikkje samd i at eigarskapen til desse ressursane i så stor grad som i lovframlegga skal overtakast av staten og kommunane.

Aksjon Bygde - Noreg meiner at den viktigaste reiskapen for å nå desse måla er gjennom lov- og regelverk å leggja føringar på korleis vasskraftressursane vert nytta av den som eig dei, ikkje ved at staten og det offentlege overtek eigarskapen.

Vi peikar mellom anna på:

Når det gjeld fall som kjem inn under industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova har heimfallsreglane vore ein særleg viktig reiskap for på langt sikt å sikra norsk kontroll med utnyttinga av vasskraftressursane. Men denne reiskapen har saman med det offentlege sine egne erverv av fall over tid ført til at ressursane i alt for stor mon er tekne bort frå bygdesamfunna og verdiane overførde til storsamfunnet og urbane strok.

Verknadene av dette kan illustrerast ved vasskraftkommunane Modalen og Masfjorden i Nordhordland. I Modalen vert innvunne om lag 1 Twh årleg og i Masfjorden om lag 1,5 Twh. Rekna pr innvunnen kwh står denne energiinnvinninga for om lag 300 mill kr av BKK sitt overskott (etter skatt) i 2007. Av dette overskotet får staten, som eig om lag 50 % av BKK, rundt 150 mill kr, Bergen kommune om lag 110 mill kr og dei store kommunane rundt Bergen resten. Masfjorden får 900 000 kr og Modalen ingen ting.

Inntektene av energiinnvinninga til Modalen og Masfjorden kjem frå skattar og avgifter. Modalen får td om lag 20 mill kr for året i skattar og avgifter som direkte skriv seg frå energiinnvinninga og om lag 10 mill i vanlege skattar og avgifter frå anlegg mv, til saman i storleiksorden 30 mill i året. Dette er ikkje særleg meir enn det einskildpersonar som er tilsette i større verksemdar kan oppnå i årleg inntekt.

Samstundes har desse kommunane opplevd sterk nedgang i folketalet, og tradisjonelt jordbruk er i sterk tilbakegang. I Modalen var det td i 1910 rundt 70 gardsbruk med mjølkeproduksjon, i dag er att 4 -5 og dessutan nokre bruk som driv med sau. Folketalet er kraftig redusert.

Vasskraftressursane har såleis korkje i Modalen eller Masfjorden sett desse kommunane i nemnande betre stilling enn om ressursane ikke hadde vore der. Det er også slik at heimfallsinstituttet ikke har noko å seia for desse utkantkommunane. Inntektene deira, skattar og avgifter av energiinnvinninga, blir dei same anten det er heimfall eller ikkje. Heimfallsreglane kan godt - og med rette - sjåast på som rettsreglar som tek bort verdiane frå lokalsamfunna og overfører dei til storsamfunnet, fyrst og fremst til Oslo. Det er fare for at fleire og fleire i utkantsamfunn dreg den konklusjonen at det kan vera eitt og det same om verdiane vert overførde til Oslo og storsamfunnet eller dei hamnar i utlandet.

Aksjon Bygde - Noreg er ikke samd i slike synspunkt. Men tankegangen er forståeleg. Det er no mykje om å gjera at ein finn fram til ordningar der ein større del av vasskraftverdiane vert veranda att der vasskrafta finst.

Aksjon Bygde \_ Noreg har elles merka seg reglane i lovframlegget som gjev private rett til å eiga inntil 1/3 av dei offentlege selskapa, reglane om forlenging av konsesjonsperiodar og reglane om utleige av fall til private. Aksjon Bygde - Noreg vurderer det slik at dette regelverket vil svekka målsetjinga om norsk styring med vasskraftressursane. Også om ein vurderer ut frå det Regjeringa seier er målet, offentlig eigarskap, vil målsetjinga bli svekka. Det offentlege sin eigarandel går ned, ikkje opp. I ein situasjon der det er større velvilje for privatisering enn den noverande Regjering har, kan desse reglane føra til at det offentlege blir ein reiskap til å overføra verdiane til private i inn- og utland.

Aksjon Bygde - Noreg er i mot at slike lovreglar vert innførde i vassdragslovgjevinga.

Aksjon Bygde - Noreg vil også peika på at etter lovframlegget blir omgrepet "naturhestekraft" framleis ein viktig styringsreiskap. Dette er eit svært ueintydig omgrep. Eit og same vassfall kan få fleire og svært ulik naturhestekrafttal alt etter korleis det blir utbygt. Særleg for litt større småkraftanlegg eller mindre regulerte anlegg kan utbyggingsmåten avgjera om det er heimfall eller ikkje og om fallet kjem inn under reglane i vassdragsreguleringslova.

Tradisjonelt er det også dette omgrepet som vert nytta ved verdsetjing av fall. Særleg ved uregulerte fall vert verdien med denne metoden svært liten. Eit ekstremt eksempel er Måren ved Sognefjorden der bøndene i 2002 gav fallet frå seg for 45 000 kr.

Rekna på den måten som Høgsterett avgjorde i januar i år og samanhalde med skjøn der Høgsterett si avgjerd er fylgd, vert verdien over 40 mill kr.

Det er det offentlig eigde selskapet BKK som har overteki fallet og som har fått konsesjon til å byggja det ut.

Det kan nok vera at slike døme er med på å styrkja bygdene si mistru til at vasskraftverdiane vert fordelte på noko meir rettvis måte enn før om vi får offentlig eigarskap til dei.

På litt lenger sikt vil det vera heilt uakseptabelt om naturhestekraftomgrepet vert nytta i vassdragslovgjevinga. Men det er viktig at omgrepet ikke vert erstatta med noko endå verre. Det kan lett bli tilfelle om ein prøver å styra utviklinga gjennom vassdragslovgjevinga der staten vert sett på som eigar av ressursane. Berre eit enkelt døme: Om fall skal leigast ut til private må dette etter EØS-reglane lysast ut på tilbod, eller det må på andre måtar sikrast at det ikke skjer noko diskriminering i høve til noko selskap eller person i heile EØS/EU området. Det vert ikke mykje styringsrom att for stat og kommune!

Det må her leggjast til at Måren er eit ekstremt tilfelle. Normalt vil Høgsterett si avgjerd føra til ei 5 - 50 dobling av fallverdien på eigaren si hand. Måren er nok eit spesialtilfelle som heng saman med at elva ikkje skal regulerast, og at lågvassføringa er lita og dermed lågt naturhestekrafttal, samstundes som utbyggingskostnaden er svært låg. Men tilfellet illustrerer nokså godt kva ein kan risikera om naturhestekrafttalet blir ein styringsreiskap slik han har vore til no. Mårenfallet kjem i den gruppa av fall som Høgsterett uttalar seg om. Andre tilfelle fell utanfor slik at verdiberekningane blir som før - men like urimelege. Når det gjeld verknaden av naturhestekraftkriteriet for heimfall, saksføreaving ved konsesjonssøknader, konsesjonsavgifter, konsesjonsstraum med vidare, blir dette etter lovframlegget som før. Det er ikke akseptabelt.

Aksjon Bygde - Noreg vil elles streka under at i Noreg er vassfall ein del av grunneigarretten. Den som eig grunnen der elva går eig også fallet. Jf vassressurslova § 13. Slik er det ikke i Europa elles. I så godt som alle andre land er fall og elverettar staten sin eigedom eller tilhøyrer den som avleider sin rett frå Kongen eller staten. At slike rettार som vassfall, jakt og fiske, dei flese mineral mv i utgangspunktet tilhøyrer grunneigaren, dvs bonden eller eit sameige av bønder og andre i grenda, er ein vesentleg føresetnad for utviklinga av vårt demokrati. Det har i Noreg gjeve grupper, som i andre land ikke talde stort, eit mynde og ein legitimitet til å delta i samfunnsbygginga på ein måte som elles var heller ukjent. Lovframleget frå Regjeringa kan sjåast på som eit alvorleg angrep på denne skipnaden og ei tilpassing til EU systemet.

Her nemner vi særskilt at med denne rettstilstanden som utgangspunkt har det dei siste åra vore gjort ei rad utbyggingsavtalar der falleigarane, i dei fleste tilfelle for ein avrensa tidsperiode, har leigd ut falla sine til utbyggjarar utanfrå. Slike avtalar skulle vore etterprøvde etter reglane om frådelling av jordbruks- eller grunneigarressursar i jordlov/bygningslov, og like eins prøvd etter den vanlege konsesjonslova frå 2003: om leigaren eller kjøparen kunne få konsesjon for ervervet eller ikkje.

Desse reglane har ikke vore fylgde og avtalane ikke etterprøvde. I mange tilfelle har dette ført til meiningslause avtalar om utleige eller sal av fallrettar, både i høve til falleigarar og i høve til samfunnet elles.

Aksjon Bygde - Noreg beklagar sterkt at dette lovverket ikke har vore nytta for å styra utviklinga på området.

Samstundes er det klårt at nokså mange av aktørane har kome fram til rimeleg anstendige avtalar som mellom anna gjer at dei reelle verdiene av fall blir synlege. Dette er også ein del av bakgrunnen for Høgsterett sin dom.

Aksjon Bygde - Noreg meiner at reglane i jordlov/bygningslov og den vanlege konsesjonslova må takast i bruk straks for å styra utleige eller sal av mindre fall.

Aksjon Bygde - Noreg meiner vidare at dette lovverket bør byggjast vidare ut slik at det kan nyttas til å sikra at også større fall vert nytta på ein måte som storsamfunnet kan godta.

Aksjon Bygde - Noreg peikar her særskilt på at jordbruket og grunneigarane sin

eigedomsrett til fall er ein rett dei har. Denne retten kan ikkje setjast til sides av nokon domstol, heller ikke EFTA domstolen. Reglane som gjeld for offentleg eigde tiltak kan heller ikkje styre korleis desse eigarane nyttar eigedomen sin.

Men det er eit godteki prinsipp både i Noreg og andre land at måten eigarretten vert utøvd på kan styrast gjennom eigne lovar, reglar og påbod frå staten.

Det er ved å nytta denne reiskapen staten bør sikra at ressursane vert nytta på den måten som best sikrar overordna politiske mål, herunder norsk og lokalt eigarskap.

Konklusjon:

*Vasskraftressursar skal framleis vera privat eigedom i Noreg. Berre når brot på dei reglane som vert gjevne for bruken av desse ressursane fører til at overordna mål ikkje blir nådde, skal det vera eit mål at eigarskapen vert overteken av det offentlege.*

*Bruken av ressursane vert styrt av lovar og regelverk gjevne av staten.*

*Utgangspunktet for å utvikla eit slikt regelsett både for store og mindre fall har vi lovreglane for frådelling av grunneigarressursar i jordlov/bygningslov og den vanlege konsesjonslova.*

*Naturhestekraftomgrepet som reiskap for styring av utnyttinga av vasskraftressursar vert avskipa.*

*Aksjon Bygde - Noreg vil vera innstilt på at det vert nytta nokså skarpe verkemiddel i lovgjevinga for å sikra overordna samfunns mål.*

*Aksjon Bygde - Noreg ser at det kan ta noko tid å utvikla slike styringsreiskapar for større fall. Td krevst det ein god del omtanke for å avskipa naturhestekraftomgrepet som styringsreiskap.*

*Det bør ikkje fremjast noko framlegg til Stortinget før dette er gått nærmare gjennom. Ingen odelstingsproposisjon i vår!*

Vikanes 3004 08

Heine Århus/s

Åsmund Berthelsen/s

Signhild Dyrkolbotn/s

Medlemer av arbeidsutvalet for Aksjon Bygde - Noreg

## Kittelsen Beate

---

**Fra:** \_Postmottak OED  
**Sendt:** 2. mai 2008 08:36  
**Til:** Kittelsen Beate  
**Emne:** VS: høyringsuttale



ABN-fråsegn30040  
8.doc (36 kB)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Dyrkolbotn Fjellstove [mailto:dyrkolbotn.leirskole@c2i.net]  
Sendt: 30. april 2008 23:53  
Til: \_Postmottak OED  
Emne: høyringsuttale

Vedlagt følger høyringsuttale frå Aksjon Bygde - Noreg til endringar i industrikonsesjonslova og vassdragsreguleringslova. Uttale på papir vert ettersendt pr post i morgon, i tilfelle denne vert "ommøblert" under sending.

Venleg helsing

Signhild Dyrkolbotn  
5994 Vikanes  
for arbeidsutvalet